

Referat frå styremøte 3-2026

Dato: måndag 17. august 2026 Tid: 10 - 13

Stad: Førdehuset, kjellaren kursrom B

Til stades:

Jorunn Skogen (leiar), Bjørg Ladehaug (nestleiar), Ingunn Ramstad (kasserar), Reidun Naustdal (vara), Kjell Olav Slotterøy (vara).

Opning av møtet

Varamedlemene bør vere mest mogleg med, ikkje minst ved start haustsemester.

Etter styremøtet 7. april (med sak 3/2026 Konstituering) var det arbeidsmøte 7. mai og studiedagar i juli. Til dagens styremøtet var 8 saker laga i samråd mellom Jorunn og Ingunn, og til ev. justering på møtet.

Sak 4/2026: Styreforslag til fordeling kurstimar på dagar og grupper 2026/2027
Styret må i samarbeid med instruktør og medlemmar, utarbeide ny aktivitetsplan for haust 2026 og vår 2027..... arbeide vidare med innhaldet i kursplanen (sitat Årsmøtet 2026)

Vedtak: Styreforslaget blir lagt fram på samarbeidsmøte om kurs som styret og dei fire såkalla «tidlegare instruktørane» skal ha. Notat v/Ingunn frå arbeidsmøtet i mai skal sendast ut med innkallinga til dette møtet som vil bli 3. september. Varsel om møtedato blir sendt alle i epost straks (gjort 17/8).

Sak 5/2026: Signal sidan mai frå bidragsytarar til kurs 2026/2027

Bjørg har fått positivt svar frå Sunnfjord kommune om eitt kurs. Reidun veit om eitt medlem som kan vere medhjelpar 1 dag i veka på kursdag utan kurshaldar. Ingunn kontaktar ein som er mogleg hjelpar. Bidrag frå 2 personar er ikkje varsla ferdig ennå.

Sak 6/2026: Digital festival

Bra skisse med Sunnfjord bibliotek starta i juni. Avbrote i juli fordi det trengs bedre rekkefølge på avklaringar i Seniornett Førde først. Er utsett i lag med biblioteket på ubestemt tid (inkl. varsel til Friskliv & Frivilligs.). Styremøtet drøfta ulike vegar vidare.

Vedtak: Styret vil droppe Digital festival i haust. Ev. ta opp igjen saka på nyåret.

Sak 7/2026: Årsmøtevedtak om innkjøp av Vox lydutjamningsanlegg. Firmaet kan levere anlegget på eit par veker. Seniornett Gjøvik har kjøpt Vox.

Vedtak: Styret vil ha innkjøp liggande på vent, men vil spørje tidl. leiar Knut Johan Mikkelsen om å fortsette saka ved å sjekke erfaring med bruk i Gjøvik og opp mot slik kurs, aktivitetar, gruppestorleikar og romforholda i Seniornett Førde vil bli vidare.

Sak 8/2026: Arbeidsmåtar med skriftleg dokumentasjon

Egil Nestande har i årevis utført mykje skriftleg arbeid, deriblant på lokalsida som foreininga vår har i Seniornett Norge der også referantar kan legge inn referat. Ein treng vite framgangsmåte. Redaktøransvar for lokalsida kan vere greitt å ha.

Vedtak: Styret vil på samarbeidsmøtet 3. september høyre nærare om kven som skriv eller ev. også ønsker å skrive på lokalsida. Styret foreslår at rolle med redaktøransvar blir tatt opp.

Sak 9/2026: Medlemsoversyn: Styreweb og Kursdeltakarlistar

Vedtak: Styret vil be Knut vise oss Styreweb i praksis og be om orientering frå dei fire ressurspersonane: Monrad Kolstad / Egil / Arne Sandnes / Knut om systemet med kurslister og oversyn over innmelding, utmelding og påmelding.

Sak 10/2026: Eventuelt

Revisjonsrapport og årsmelding: Ingunn vil notere i rutinar at årsmøtet 2027 må passe på at det er eigen revisjonsrapport med korrekt signering ved revisor og at årsmelding 2026 er signert med underskrifter, ev digitalt (merknad frå tilsynet i år).

Praktisk: Seniornett Førde har 2 skap i kjellargangen med 2 sett nøklar fordelt hos Monrad Kolstad og Jorunn Skogen. Sistnemnde flyttar settet (avtale starta av Knut) til nøkkelskap hos vaktmeister i resepsjonen ved oppstart av samarbeid om kursa.

Teknisk opplæringsbehov: Det nye styret har i større eller mindre grad enkeltvis utifrå verv – men også som gruppe – behov for å kunne handtere sjølv aktuelle undervisings- og kommunikasjonshjelpemiddel i kurs- og møteverksemd. Dette – samt tema som f. eks lokal nettverkgruppe Hudd – er naturleg å spørje tidlegare nemnde ressurspersonar om hjelp til å få kunnskap om og lært fort. Det kan sjåast på som effektiv overføringsinfo til nytt styre som er utan medlemmer frå tidlegare styre. Temaet er også eigna som kurs med praktisk øving i reell bruk for medlemmer med tanke på vidare rekruttering til verv og dugnad i foreininga.

Referent: Jorunn Skogen